

Erik H Håtveit  
Håvard Jønnardalen  
Svein Arvid Tørre  
Ove Kringlegarden-forfall  
Kirsti Sandland-forfall  
1. vara Jon Aslak Austjore  
2. vara Ann Kristin Tekslle

Hjartdal 16.12.11

## Referat frå styremøte i TSG hjå Torhild, på Sisjord

14.12.2011 kl. 14.00-20.00

Styremedlemmane fekk vist kva dei var “gode for”. På menyen stod Gildes Eldhusrøykte smalahove og riskrem. Hadde eit hyggeleg bordsete før alvoret tok til.

Sak 44/2011 Innkalling og sakliste godkjent med protokolltilførsel frå Svein Tørre og endring av rekkefylje på saklista. Sak 49/2011 Sauprosjektet vert tatt etter referatsaker.

*3 styrerrepresentantar ba om å finne ein annan møtedato for dette styremøte. Dette vart ikkje tatt hensyn til.*

*Styremøte skal mellom anna handsama viktige oppgåver som årsmelding og sauprosjektet. Dette er så viktige saker at eg meiner leiaren burde funne ein annan dato, slik at alle styremedlemmane kunne vori til stades. Resultatet av denne avgjerda er at kasseraren har trekt seg frå styret, noko som er særskilt avhorleg.*

*Svein Tørre  
Nestleiar*

Sak 45 /2011 Referatsaker:

- Innspel til rovviltnemnda i region 2 i forbindelse med tildeling av kvote på gaupe, jaktsesongen 2012.
  - Rart at gaupekvota vert satt utan at tapstala er offisielle. Vart framlagt munnleg på møte, noko som er for svakt av Fylkesmannen.
- Referat frå møte i rovviltnemnda region 2  
Styret tok referatet til orientering
- Vedtak i ekstra styremøte etter Haustsamlinga i Mørkedal
  - Svein A Tørre får dekt utgifter i samband med Beitekonferanse i Oppdal
  - Dei av styret + Sekretær, som valt representant til regionrådet for sauavl, får dekt utgifter i samband med avlskonferansen 21-22 jan 2012
- Referat frå fagrådmøtet i Bygdevis 21. september.  
Tas til orientering

- Referat frå Værmonstringa i Seljord 5 nov. 2011  
Vellukka arrangement. Viktig for sauehaldet med ein plass for omsetning av granska værer.

Sak 46/2011

Sauprosjektet.

Styret hadde fått siste utkast til prosjektplan. Her var det gjort, til dels store endringar i forhold til tidlegare utkast. Det for å få inn fylkeskommunens tankar og visjonar for å være med på ein 50/50 finansiering med Fylkesmannen. Styret gjekk gjennom prosjektplanen. Har lagt inn ønska endringar til ordlyd. Positivt at TSG står som prosjektansvarleg for prosjektet. Plan med endringar er sendt TB v/Amund Jonsrud. Representantar frå TBS vil møte 22.des – møte mellom eigarorganisasjonane, fylkeskommunen og Fylkesmannen.

TSG sluttar seg til forslag til utlysningstekst, stillingsannonse.

Sak 47/2011

Planlegging av årsmøte 2011

- Tid og stad
  - Moredal Hotel 2-3 mars 2012
  - Frammøte kl. 15.30. Program 16.00-18.00
  - Årsmøtemiddag med tilhøyrande program
- Fagtema, foredragshaldarar og gjester
  - Sauprosjektet – mobilisering og oppstart

Invitere gjester og samarbeidspartnalar

Sak 48/2011

Årsmelding

Innhald og form – Styremedlemmane gjev sine bidrag innan utgangen av januar 2012. årsmeldinga vert bygd på same mal som i fjar. Styret godkjenner årsmeldinga før utsending

- Fordeling av “skrivejobbar”
  - Erik: Leders innlegg/sauprosjektet
  - Håvard: Avlsarbeid på sau – Kåring i Sauland- Værmonstring
  - Kirsti: Avlsarbeidet på geit, Dyrskuen
  - Ove: Levere Rekneskapsføring
  - Jon Aslak: Kåring på Rauland
  - Torhild: Sett saman årsmeldinga og lagar eit samandrag av arbeidet i styret gjennom året.  
Klyppekurs
  - Svein: utarbeiding av strategi- og arbeidsplan 2012
- Utarbeiding av budsjett 2012

Sak 49/2011

Gjennomgang av økonomien i TSG

Vart litt amputert J.fr sak 51/2011

Sak 50/2011	<p>Dialogen mellom Mattilsynet og TSG          God dialog. Distriktsjefen er ein god mann for næringa. Må fortsette det gode samarbeidet.</p>
Sak 51/2011	<p>Eventuelt          Evaluering av Haustsamlinga på Mergedal 11-12 november 2011 – utgjekk</p> <p>Brev frå organisasjonane og Lars Bjådal, Rovviltnemda i region 2          TGS ynskjer brevet velkommen og ynskjer at leiar underteiknar.          Endring av ordlyd: .....Dei siste tri åra har det blitt teke ut 80 dyr i kvotejakta. I tillegg kjem irregulær avgang, 6-8 dyr(påkøyrsel, skabb ol)men trass i dette har <b>tapa av beitedyr auka i Telemark. (endra tekst)</b></p>
Sak 52/2011	<p>Ove Kringlegarden har trekt seg frå sine verv i TSG grunna møtetidspunkt. Styret må få konstituert nytt styremedlem og valt kasserer.</p> <p>Jon Aslak Austjore vert fast styremedlem i TSG for resten av valperioden.          Ann Kristin Teksle 1. vara til styret for resten av valperioden</p> <p>Ove Kringlegarden er bilagsførar resten av året, og leverer rekneskapet ferdig avslutta. Sekretæren foretar nødvendige utbetalingar.</p> <p>Styret i fellesskap er ansvarlege overfor årsmøte.</p>

